

**Ungdomspolitisk utval (UPU) gjekk gjennom "Budsjett 2018 / Økonomiplan 2018-2021 - Arbeidsdokument 1/17" på møte den 21. til 23. april og kom med følgjande innspel:**

Dersom ungdomspolitisk utval skal kunne gje best mogleg innspel på vegne av ungdomen, tykkjer utvalet at det vil vere føremålstenleg at fylkesdirektøren (eller andre) tek initiativ og orienterer oss om innhaldet i planane ved framtidige møte. Ein ynskjer seg i tillegg meir samarbeid.

I samband med innhaldet til planen, meiner ungdomspolitisk utval at tilrådinga til punkt 4.1 er svært viktig å behalde. Elles, tykkjer ein at det vil vere viktig å ta omsyn til miljø og klima i høve til investeringsprosjekta som gjeld bygg i den nye samla investeringsplanen for fylkeskommunen. Dette kan også vere relevant for klimaplanen fylkeskommunen utarbeider no og UPU sine innspel i høve til denne (journalpostnummer 16/3972-13).

Som ein meir generell kommentar vil ungdomspolitisk utval òg leggje vekt på viktigheta av tilstrekkeleg finansieringa av grunnskuletilbod til minoritetsspråkleg ungdom (punkt 6.4). Dette ser utvalet som spesielt viktig med tanke på integrering av nye samfunnsborgarar.

Beste helsing

Ole-Ansger N. Martini  
Leiar i ungdomspolitisk utval